

Austrheim kommune

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, råd m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	12.05.2010	036/10	Mikal Krossøy

Saksansv.: Mikal Krossøy	Arkiv: FA-V30	Arkivsaknr: 10/450 -2
--------------------------	---------------	-----------------------

Høring - Forslag om endringar - forskrift om nydyrking

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	17.02.2010	Det kongelige Landbruks- og matdepartement	Forslag om endringar i - forskrift om nydyrking

Sak KS 036/10 Høring - Forslag om endring - Forskrift om nydyrking

VEDTAK

Austrheim kommune går mot framlegg om forbod mot dyrking av myr i ny Forskrift om nydyrking § 6, første ledd.

Den einssidig fokusering på miljøaspektet vert feil i høve til konsekvensane for ei allereie pressa næring. Slik me ser det er dei samfunnsøkonomiske konsekvensane ikkje dokumenterte. Ein ser heller ikkje at det å nytta dyrkbart areal til produksjon av fornybar energi er teke med i miljørekneskapen.

Slik me ser det favoriserer forskrifta anna utnytting av dyrkbart areal enn til matproduksjon. Endringane tek heller ikkje omsyn til jordsvinn i dei områda der myr er hovuddelen av dyrka areal. Austrheim kommune ser det slik at dei negative konsekvensane som endringa vil ha på eksisterande drift og rekruttering til landbruket i kommunen, er så omfattande at endringa må avvisast.

Saksansv.: Mikal Krossøy	Arkiv: FA-V30	Arkivsaknr: 10/450 -2
---------------------------------	----------------------	------------------------------

Høring - Forslag om endringer - forskrift om nydyrking

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	17.02.2010	Det kongelige Landbruks- og matdepartement	Forslag om endringer i - forskrift om nydyrking

Dok.dato	Vedlegg	Dok.ID
04.05.2010	Forskrift om nydyrking - Høring	33379
04.05.2010	Høring - Forslag om endringer - forskrift om nydyrking	33385

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune går mot framlegg om forbod mot dyrking av myr i ny Forskrift om nydyrking. Framlegget kan få dramatiske følger for landbruksnæringa i kommunen.

Særutskrift sendt:

Dato:

Sign:

Kopi til:

Det kongelige Landbruks- og matdepartement Postboks 8007 Dep 0030 OSLO

1. Saka gjeld:

Endring i forskrift om nydyrking der det vert sett forbod mot dyrking av myr. Sjå dok. 1.

2. Saksopplysningar:

Forbodet mot dyrking av myr har engasjert fleire kommunar i distriktet. Jordbrukssjefen i Radøy har laga ei saksutgreiing som Austrheim har fått lov å nytta. Sjå vedlegg. Framlegget til vedtak vart godkjent i kommunestyret.

3. Vurdering:

Også for Austrheim kan forbod mot nydyrking få store følgjer. Det aller meste av mogeleg dyrkingsjord i kommunen er myr. Etter jordregisteret har kommunen ca. 7.800 jordbruksareal. Av dette er ca. 3.100 daa fulldyrka jord, ca. 1.300 daa overflatedyrka (eng) og ca. 3.500 daa innmarksbeite. Registeret viser at kommunen har ca. 6.500 daa myr. Landbruksplanen frå 2002 reknar med 2255 daa dyrkingsjord.

Det er lite eller ingen dyrking av ny jord i Austrheim i dag. Forbod vil difor ikkje få verknad på kort sikt. På lengre sikt vil det avskjera muligheten for å utvida arealet både for den einskilde brukaren som treng meir areal – og for kommunen samla. Rådmannen stiller seg tvilande til at grunngjevinga er godt nok dokumentert. Det synest også som om andre konsekvensar er lite vurderte. Rådmannen meiner at på det noverande tidspunkt er det feil å setja eit direkte forbod mot nydyrking.

4. Konklusjon:

Austrheim kommune bør protestera mot totalforbod mot nydyrking av myr.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune går mot framlegg om forbod mot dyrking av myr i ny Forskrift om nydyrking. Framlegget kan få dramatiske følgjer for landbruksnæringa i kommunen.